

To kvinner berga ned frå Englafjell med Sea King.

01.05.2020



Sea King redningshelikopter landa på Sandabakkane i dag etter berging av to kvinner i Englafjell.

To kvinner gjekk seg i skårfeste i dag og vart berga ned frå fjellet i Uskedalen. På twitter skriv Vest politidistrikt at plassen var Geitavatnet, som er eit vatn som ligg på 880 meter over havet, over kanten på Englafjell mot Eikedalen. Det må vera feil. Dei, som såg på berginga med kikkert frå Uskedalen, fortel at berginga var på kanten sør for Såtedalen. Nøyaktig namn er Middagshaug. Torgeir Feet stadfestar rett namnebruk. Sjå *unike bilete frå berginga, tekne av Øystein Enæs*. På Facebook finn du film.

Berginga gjekk fint. Kvinnene var uskadde og trong ikkje helsehjelp. Redningshelikopteret landa på Sandabakkane. Politiet og redningstenesta hadde base ved Elins Matgleder på Nedre Fet.



Kvinnene ventar på berging.

Mange hundretals personar i Uskedalen såg berginga live i dag. Dersom nokon har gode bilete, send til uskedalen.no@gmail.com

Facebook Uskedalen: Sjå unik filming av Øystein Enæs frå berginga i dag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/ Øystein Enæs



Unike bilete frå berginga i Englafjell i dag. Sjå film på Facebook Uskedalen.